Det var eit anna år, då fraus vi fast i ei storfløe og vart liggjande gjerandslause lenge. Skulle ikkje turen verte heilt spolert for oss, måtte vi på ein eller annan måte kome oss ut av klemma. Eg grubla natt og dag på dette. Kva skulle eg finne på? Då slo ein tanke ned i meg: Eg hadde vore skomakar, og der bruka vi små glasstykke til å skrape hæl og solar med. Vi fila eit lite hakk i glaset og braut ut stykka passeleg store. Kunne denne kunsten brukast på isen?

Eg måtte gjere ei prøve, og kommanderte karane ut.

"Sag ein kile i isen frå hekken og attover", sa eg. Så vart gjort, og isstykket i kilen hivd til side. Etterpå hogde vi laus isen rundt skroget så mykje som råd var. Tok vi så eit isanker med varp og feste det godt i knultrane eit stykke frå skuta. Sette så stimen på og segla attåt og tok til å stange att og fram i denne kilen, som karane hadde saga.

Sant og seie så hadde eg mest inga tru på heile eksperimentet, og manskapet trudde vist eg var tufsete vorten av tankar og lediggang. Men jau så sanneleg lukkast det likevel! Heile flora klovna med eit brak. Det var så utruleg at det var som eit under. No kom vi oss ut og fekk leite etter fangsten og fekk skuta full.

Ein av dei verste av desse grunnane oppe i Kvitsjøen, er Pandilova-falla. Mang ei skute har vore ille ute der. Ein gong låg vi langt inne i isen ein stad. Vi hadde liksom ei aning om at dette var ein farleg plass å liggje natta over, og ville prøve og kome oss lenger ut. Vi stima utetter, og kom oss rundt nokre småbankar og skjer. Heldt oss mest mogleg klar av grynmarka, og leita oss fram til djupare vatn. Men no tok det til å mørkne så mykje at vi kom oss ikkje lenger, og la oss til for natta. Vi trudde oss var bra trygge. Eg gjekk ned å la meg, men sjølvstakt hadde vi vakt oppe. Isen såg bra roleg ut.


Eg hadde ikkje lege lenge då eg kjende ei slik underleg skjelving i køya, og det verstna etter kvart. Det var som heile skuta skolv og gav seg framfor noko fælt. Eg bykste fram og sprang på dekk. Då fekk eg sjå eit syn eg ikkje hadde sett maken til før. Isen som hadde lege så roleg berre for ein time sidan, var komen i veldig uro. Skrugardane for forbi skuta med øgjeleg fart. Det såg nifst ut. Eg lodda og fekk berre to favner vatn under kjølen. Då skjøna eg årsaka. Straumen hadde køyrt oss midt opp i Pandilova-falla og dette var livsfarleg for oss. Vi måtte få snu skuta på ein augneblink, og greidde det verkeleg også. Sette så for full stim utetter. Eg sto med loddet og las av: To famner – tre famner – fire famner, det djupna litt om senn, vi var berga. Vi kom oss så langt ifrå som råd var og pusta ut etter angsten og spaninga. Jau, når det gjeld skruing, er Kvitesjøen den verste. Eg har stått ein kveld og talt opp tolv skuter i kring oss. Neste morgon var det berre isøyda å sjå. Alle var skrua ned om natta. I slike stunder kjenner du deg liten og hjelpelaus. Eit vesalt menneskeverk vert berre eit fjom og ei boble som brest. Du kan nok stundom vere heldig og berge skuta gjennom skruingane, men sanninga er at oftast tek ishavet ei dryg avgift.

Om fortienesta på desse opp i Nordishavet, anten du ligg i Kvitesjøen eller Vesterisen og Stredet så er det berre eit ord som høver. Det er ordet lotteri. Stundom har du bra tur, og ein hende gong kanskje stortur, men ofte hender det at du kjem naken heimatt.

Eg hugsar ein gong i Kvitesjøen. Vi kom noko seint opp å såg ikkje eit dyr. Vi låg der nokre dagar, og endeleg var vi så heldige å få livet av ein Kvitung. Skipperen kom dragande med han bort til kokken. ”Her er mat”, sa han, ”denne lagar du til åt oss til middag”. Denne vesle Kvitungen vart heile fengda vår denne turen, og han gjekk ned i eit mål.

Vi drog vår veg og rømde frå eit livlaust hav. Det var midt i mai månad og skuta stemde mot Vesterisen

*Helgehorn.*



## **Nytt forskningsprosjekt om tilhøva i arktiske strok.**

Av dr. ing. Karl Henning Halse

Ved NTNU i Trondheim er det nett starta eit 5-årig forskningsprosjekt som skal auke kunnskapen om tilhøva i det arktiske klimaet med tanke på sikker utvinning av olje og gass i

nordområda. Prosjektet tek mål av seg til å sikre ei berekraftig utnytting av petroleumsforekomstane i nordområda, og vil fremje konkurransefortrinna for norsk næringsliv gjennom om bygge opp kompetansen til dei norske deltakarane i prosjektet.

Prosjektet er finansiert med støtte frå Norges Forskningsråd og norsk næringsliv (i første rekke Statoil). Prosjektet har ei finansiell ramme på om lag 23 mill. NOK over heile prosjektperioden. Prosjektet er initiert av professor Sveinung Løset (NTNU) og Ove Tobias Gudmestad (Statoil). Løset og Gudmestad har til saman over 50 års erfaring i forskning på is og isrelaterte problemstillingar, og kan utan tvil reknast som landets to fremste akademiske ekspertar på is og eigenskapane til is. Begge to har dessutan fleire turar i isen og har med det skaffa seg meir enn teoretisk erfaring på området.

Prosjektet femner breitt og er samansett av i alt 9 delprosjekt. Innhaldet i dei 9 delprosjekta varierer frå matematisk modellering av eit inhomogent materiale som is i ulike former og samansetjingar, oppbygging av isryggar og korleis desse kan modellerast i laboratoria, modellering av krefter frå is på faste installasjonar, flytande installasjonar og undervannsinstallasjonar samt studier på korleis ein kan skjerme seg frå kreftene frå is i drift. Spesielt for teknologiutvikling i polare strok er at teknologane må ha ei klar forståing av kor sårbart miljøet kan vere i desse områda. Dette er eit aspekt som går som ein leietråd gjennom alle delprosjekta.

I eit forsøk på å ta vare på opparbeidd kunnskap om is og tilhøva i isen gjennom fleire hundre år, er det også definert eit delprosjekt som skal forsøke å samle inn erfaringar frå fiskarar og selfangarar i dei polare områda både på norsk og russisk side. I dette delprosjektet har vår eigen Johannes Alme fått ei sentral rolle. Han skal stå for innsamling av informasjon frå norske isfararar og koordinere det tilsvarande arbeidet som skal gjerast på russisk side. Vi som kjenner Johannes og den iveren han legg for dagen i slike prosjekt, er trygge på at Petroarctic-prosjektet har funne den rette personen til å gjennomføre dette arbeidet.



*Dalsfjordingen Sveinung Løset på ein av sine mange turar i isen.*

## **Ein totning på Nordaust-Grønland.**

**Den første norske telegrafist i Myggbukta.**

Av Magnus Sefland

Den første norske radiotelegrafisten i Myggbukta på Nordaust-Grønland heitte Helge J. Listerud og kom frå Toten. Listerud deltok i skipper Johan A. Olsens overvintringsekspedisjon og reiste over til Nordaust-Grønland med *Anni I* av Tromsø i 1922. Listerud gjennomførte ei overvintring i Myggbukta, men omkom då *Anni I* forsvann med heile mannskapet på tilbaketuren til Norge i 1923.

På Lena i Østre Toten bur Halldis Andersgaard og John Listerud. Dei er borna til Helge Listerud. John Listerud, fødd i oktober 1921, var berre om lag ti månader gammal då faren drog til Nordaust-Grønland og seinare kom vekk. John har ingen direkte minne om faren. Halldis Andersgaard, som er tre år eldre enn John, hugsar ein del. I alle år har dei undra seg på kva som hende på den ekspedisjonen som skulle vise seg å bli fatal.

### **Johan A. Olsen-ekspedisjonen**

Rundt 1920 arbeidde den internasjonale meteorologiske komite for å betre vervarslinga i det nordlege Atlanterhavet. Det var snakk om ein meteorologisk stasjon og radio på Jan Mayen og ein tilsvarende stasjon på Aust-Grønland. Forhandlingar mellom Danmark og Storbritannia om saka førte ikkje fram. Norge oppretta då på eiga hand ein stasjon på Jan Mayen. Dette var ei hjelp, men understreka også trongen for ein stasjon på Aust-Grønland. Ein slik stasjon ville vere til særleg hjelp for vervarslinga for Nord-Norge.



*Skipper Johan A Olsen    Telegrafist Helge Listerud*

Geofysisk Institutt i Tromsø - lokalt kalla 'Geofysen' - vart oppretta allereie i 1918 (Kjær: Personleg fråsegn). Folk ved Geofysisk Institutt fekk i løpet av vinteren 1921/22 kjennskap til at ishavsskipper Johan A. Olsen planla ein fangstekspedisjon til Nordaust-Grønland. Instituttet vende seg til Olsen og gjorde avtale med han om at ekspedisjonen skulle ta med ein radiotelegrafist og radioutstyr på overvintring. Ekspedisjonen reiste over med det vesle fartøyet *Anni I* sommaren 1922. Deltakarane på ekspedisjonen var:

Ekspedisjonsleiar og skipper Johan A. Olsen, Skulsfjord i Tromsøysund  
Motormann og fangstmann Alvin H. J. Olsen, bror til ekspedisjonsleiaren  
Radiotelegrafist Helge J. Listerud, Toten  
Kokk og fangstmann Oskar Johansson, Halland i Sverige  
Fangstmann Jakob B. Andreassen, Lenvik  
Fangstmann Edvard K. Løkvik, Tromsøysund  
Fangstmann Olaf Olsen, Målselv.

Det var desse karane som i 1922 tok seg gjennom drivisbeltet med vesle *Anni I* til Mackenziebukta. Dei hadde med material til to hus. Dei bygde den første overvintringsstasjonen inst i Mackenzie-bukta - stasjonen som fekk det norske namnet Myggbukta (Mikkelsen 1994).

Stasjonshuset var nokså primitivt. Huset var 7 x 4 meter. Av dette var bustadrommet 4 x 4 meter, resten var skjå og lager. Huset vart bygt med to lag panel og papp. På utsida vart huset forsynt med jord og torv som isolasjon (Brox 1963). Det var kanskje like naturleg å kalle det

ei gamle som eit hus. Isolasjon trongst, for vintertemperaturane gjekk gjerne ned til minus 40-50 grader. Det var berre i juni, juli og august det var plussgrader i gjennomsnittstemperatur (Devold 1940).

Hallvard Devold - fangstmann, telegrafist og i 1931 kjend flaggheisar og okkupant - hadde sitt første opphald i Myggbukta som telegrafist i Foldvik-ekspedisjonen i åra 1926-28. I boka *Polarliv* skriv Devold at det i 1926 var eit lite utbygg til stasjonshuset for sjølv radiostasjonen. Utbygget hadde skråtak og nådde omlag til brysthøgde. Devold si formulering --- *Vi hadde bygd ut og reparert på tilbygget til radiostasjonen* --- tyder på at der var eit utbygg for sjølv radiostasjonen allereie under Johan A. Olsen-ekspedisjonen si overvintring i 1922/23 og at Foldvik-ekspedisjonen i 1926-28 reparerte og utvida utbygget noko.

I stasjonshuset i Myggbukta budde fire av dei sju ekspedisjonsmedlemane. Dei tre andre budde i ei hytte som vart bygt ved kysten ca 25 kilometer sørvest for Myggbukta i retning Kapp Franklin. Den hytta fekk namnet Franklinhuset (Brox 1963; Mikkelsen 1994).

Neste overvintringsekspedisjon i Myggbukta, Foldvik-ekspedisjonen 1926-28, fann at Franklinhuset låg i ein uheldig avstand frå Myggbukta og var uøkonomisk å varme opp. Dei reiv hytta og brukte materialen til to mindre hytter på andre stader i fangstterrenget. Arktisk Næringsdrift AS overtok fangstterrenget rundt Myggbukta i 1930. Det vart bygt eit nytt stasjonshus i Myggbukta som erstatning for det huset som Johan A. Olsen-ekspedisjonen sette opp i 1922. Det nye huset var i to etasjar og hadde eit grunnareal på 11 x 3,5 meter (Mikkelsen 1994).

Johan A. Olsen-ekspedisjonen hadde ekspedisjonsfartøyet *Anni I* hos seg under overvintringa 1922/23. Men det finst ingen opplysningar om kvar og korleis *Anni I* vart lagt i vinteropplag under overvintringa. Men alt tyder på at fartøyet kom velberga gjennom overvintringa. I august 1923 kom det ingen meldingar frå Myggbukta om at noko var i vegen med fartøyet.

I huset i Myggbukta monterte Helge Listerud i 1922 den første radiostasjonen. Sjølv radiostasjonen - radioutstyret - var bygt av Marinens Minevesen. Sendaren var ein rørsendar på 1/2 kilowatt. Den var moderne for si tid, sjølv om den ei tid hadde vore brukt i Tromsø i sambandet med Jan Mayen. Mottakar og master vart levert av marinen.

I tillegg til det normale utstyret til stasjonen hadde ekspedisjonen med ei Telefunken gnistbane med svingekrins som reserve for rørsendaren i tilfelle vakuumlampene som tilhørde sendaren gjekk i stykker. Dei hadde også med materiell som kunne brukast til reservemottakar, dersom lampene i lampemottakaren gjekk i stykker. Til produksjon av straum hadde dei med to forbrenningsmotorar, ein normal driftsmotor og ein reservemotor. Driftsmotoren var ein to-sylindra, transportabel Marconi-motor med ukjend yting. Reservemotoren var ein Bolinder på 5 hk.

Ei sending vakuumlampar frå Tyskland kom for seint fram til Tromsø til å nå *Anni I* si utsegling. Derfor fekk ekspedisjonen eit avgrensa reservelager av lampar. Det førte til at stasjonen måtte bruke minst mogleg energi for å nå til Jan Mayen, truleg ca 300 watt (Tekniske opplysningar er henta frå G. Isachsen: *Grønland og Grønlandsisen* (1925)).

I Myggbukta vart det rigga til antennemaster, visstnok to i talet. Dei vart sette saman av 4 toms og 3 toms vassleiingsrør. Det gjekk med 50 meter rør totalt. Mastehøgda var 15 meter. Sendingane frå Myggbukta nådde til Jan Mayen, men ikkje til Tromsø. I Myggbukta høyrde dei derimot godt sendingar frå Tromsø med same sort sendar. Mastene var solide og gode, men glatte og vanskelege å klatre i, dersom nokon måtte opp og rette på noko. Då Foldvik-ekspedisjonen kom med *Ringsæl* av Tromsø i 1926, fekk dei akkurat det problemet då dei skulle rigge til sin radiostasjon. Mastene frå Johan A. Olsen-ekspedisjonen stod der, godt brukbare. Men antenneleidningane måtte opp. Fleire av ekspedisjonsdeltakarane prøvde til fånyttes. Til slutt vart det skipper Anton Jensen på *Ringsæl* som gjorde jobben (Isachsen 1925; Devold 1940).

Med dette sendarutstyret sende Helge Listerud sine meteorologiske observasjonar til Jan

Mayen. Den første sendinga gjekk på lufta 14. oktober 1922, og det seiast at det skal ha vore det første trådlause samband mellom Grønland og omverda. Listerud sende meteorologiske observasjonar tre gonger dagleg. Det gjorde han stort sett utan avbrot heilt fram til ekspedisjonen var klar for heimreise til Norge 14. august 1923. Det einaste som ikkje fungerte heilt etter planen med omsyn til vertenesta, var at eit kvikksølvbarometer gjekk i stykker undervegs (Listerud 1998; Mikkelsen 1994)

Det var Johan A. Olsen-ekspedisjonen som plukka ut akkurat Myggbukta som stad for den norske meteorologiske stasjon og radio på Nordaust-Grønland. Med det valde dei ut staden som vart eit sentrum for den norske aktiviteten i området gjennom 37 år, fram til 1959 - året då all norsk aktivitet i området vart avvikla. Devold er ikkje snau når han i boka *Polarliv* omtalar plasseringa av stasjonen: --- *Fra et fangststrategisk synspunkt lå stasjonen overordentlig gunstig til --- Det må ha vært en lykkelig skjebne som ledet Johan Olsen, da han anla telegrafstasjonen og dermed centralstedet akkurat her. Den kunne ikke ha vært plasert bedre.*

Sjølv om stasjonen i Myggbukta var svært gunstig plassert av omsyn til fangst, meinte polarforskar Gunnar Isachsen at stasjonen burde flyttast til Kvalrossøya på 74 1/2 grader nord. Det ville by på fleire fordelar både for radiosamband og for meteorologiske observasjonar. Dessutan ville det bli klart lettare for avløyings- og forsyningsfartøy å kome gjennom drivisbeltet (Isachsen 1925).

I boka si har Devold med eit par linjer om Myggbukta-namnet: --- *Nu tittet solen frem, og vi fikk erfare på kroppen hvorfor Johan Olsen i sin tid hadde kalt stedet Myggbukta. ---* . Devold nemner elles at myggseasonen i Myggbukta varer frå slutten av juni til midten av august. Når det i den perioden er vindstille, er det ikkje anna å gjere enn å røme i hus og vente på ein bris.

### **Forviklingar og tragedier**

I 1923 var det meininga at meteorologitenesta i Myggbukta skulle overtakast av Mikal Olsens og B. H. Tolløfsens overvintringsekspedisjon. Denne ekspedisjonen reiste over med ishavsskuta *Conrad Holmboe* (ex *Fredrikke*) , tilhøyrande Geofysisk Institutt i Tromsø. *Conrad Holmboe* hadde måla 94.6 x 25 x 10.4 fot, ei drektigheit på 132 bruttoregister tonn og hadde ein Bolinder glødekulemotor på 120 hk. Skuta var større og sterkare enn *Anni I*. Men ho var berre moderat forsterka med baugjern og ishud for ishavsfart (Isachsen 1925; Hansen 2000).

Det var meininga at *Conrad Holmboe* og *Anni I* skulle halde lag over havet heim til Tromsø etter at *Conrad Holmboe* hadde landsett det nye overvintringsmannskapet i Myggbukta og levert forsyningar for den komande overvintringa (Brox 1963; Mikkelsen 1994). Dei to fartøya skulle innoft Jan Mayen og ta med seg folk derifrå heim til Norge (Isachsen 1925).

Men slik skulle det ikkje gå. Sommaren 1923 var eit uvanleg vanskeleg isår ved kysten av Nordaust-Grønland. Johan A. Olsen melde frå Myggbukta 27. juli at dei snart ville ta fatt på heimvegen, for isen hadde då drive ut av bukta. Men drivisbeltet utanfor kysten låg der framleis som ei hindring. *Conrad Holmboe* låg på det tidspunkt ved Jan Mayen og lossa forsyningar. Etter anløpet av Jan Mayen gjekk *Conrad Holmboe* vidare mot Myggbukta og møtte det same drivisbeltet som hindring, men då frå motsett side.

Dei første dagane av august forlet *Anni I* Myggbukta og prøvde å nå fram til Franklinhuset, men vart hindra av isen. Den 9. august var fartøyet tilbake i Myggbukta og henta meir proviant for å prøve på nytt å nå fram til Franklinhuset. Den 12. august melde telegrafist Listerud nordvestleg kuling i Myggbukta. Isen hadde drive noko ut på bukta. *Anni I* var på det tidspunkt kome tilbake til Myggbukta frå Franklinhuset gjennom landråka. Listerud melde at dei ville forlate Myggbukta onsdag 15. august. Dette frårådde *Conrad Holmboe* over telegrafi. Mandag 13. august telegraferte Listerud at nokså mykje roten is hadde kome inn på bukta, men at det var farbart til Hold with Hope. Dei heldt fast at dei ville forlate Myggbukta og prøve å kome seg ut onsdag 15. august.

*Conrad Holmboe* forlet Jan Mayen og prøvde å kome seg gjennom drivisbeltet ved Claveringfjorden og inn til kysten. Skuta gjekk seg fast i isen og låg innestengd i isen i meir enn to månader. Skuta dreiv sørover med isen, og ho fekk store skader på skroget (Hansen 2000).

Ved at *Conrad Holmboe* vart liggande fast i isen, vart den planlagde samseglinga for *Conrad Holmboe* og *Anni I* tilbake til Norge skipla. Frå sin plass - fast i isen - åtvare *Conrad Holmboe* over radio Olsen-folka fleire gonger mot å prøve å forsere isen på eiga hand (Brox 1963). Karane i Myggbukta forstod at det var stor fare for at avløysinga og forsyninga ikkje ville nå fram. Tysdag 14. august melde dei frå Myggbukta til Jan Mayen at dei ville stoppe radiostasjonen og starte heimreisa neste morgon. Johan A. Olsen uttrykte håp om at *Anni I* ville vere ved Jan Mayen den følgjande søndag, altså 19. august. Dette telegrammet vart oppfatta også av *Conrad Holmboe* (Isachsen 1925).

Johan A. Olsen sitt siste telegram til *Conrad Holmboe* kom om kvelden 14. august 1923. *Conrad Holmboe* låg då 16 kvartmil aust for Jacksonøya, altså ca 20 kvartmil nord for Myggbukta. Telegrammet lydde:

*"Takkende mottatt Deres telegram. Jeg har nøie fulgt isens drift i sommer fra fjellene. Siden 23. juli, da isen satte iland ved Kapp Hold with hope, har den ikke løsnet der. Nordsiden Frans Josefs fjord innover til Kapp Franklin også tettpakket for inntil et par dager. Bontekoe - Kapp Franklin og innover er isen drevet ut og sydover i de siste to uker. Isforholdene idag: Kapp Hold with hope utover tettpakket 17 kvartmil av, lengere sees ikke. Is Kapp Hold with hope inn Bennetts Point, vanskelig passere. Bennetts Point - Bontekoe innover, spredte florer. Nordsiden Bontekoe - Brochsøyene sydover spredte florer. Nordostpynten Bontekoe endel mindre råker i nordostlig retning til 5 kvartmil av. Muligens kan passerer utenom Bontekoe. Kanskje blir det vendereis. Levner en del proviant her, da isforholdene blev umulig tidlig. Kommer dere inn, så stasjonen blir befolket, velvilligst ta den med hjem. Hilsen Olsen."* (Isachsen 1925).

Etter 14. august 1923 har ingen sett noko til fartøyet eller høyrte noko frå folka. *Conrad Holmboe* åtvare nok ein gong Olsen mot å legge ut i isen. Men telegrammet nådde ikkje fram.

### **Bergings- og leiteaksjonane hausten 1923**

*Conrad Holmboe* låg innestengd i is som dreiv sørover med Aust-Grønland-straumen. I isskruing fekk skuta store skader på skroget og lak mykje. Den 30. september melde *Conrad Holmboe* at dei hadde oppfanga eit svakt og uklart naudsignal og lurte på om det var frå *Anni I* eller det danske fartøyet *Teddy*. Naudsignalet må ha kome frå *Teddy*. Radioutstyret som tilhørte Geofysisk Institutt vart ståande igjen i Myggbukta. Det skulle overtakast av neste overvintringsekspedisjon. *Anni I* hadde ikkje radioutstyr om bord. Derfor kunne ikkje fartøyet sende ut naudsignal (Isachsen 1925).


Heime i Norge vart det sett i gang utrusting av ein hjelpeekspedisjon. Ishavsskuta *Polarulv* av Bodin, tilhøyrande Schjelderups Sælfangstrederi på Skånland, vart sendt til assistanse for *Conrad Holmboe*. *Polarulv* nådde fram til området om lag samtidig med at *Conrad Holmboe* dreiv ut av isen og kom seg fri med eiga hjelp. *Conrad Holmboe* hadde fått store skader på skroget. Men med hjelp frå *Polarulv* kom *Conrad Holmboe* til Isafjord på Island. Etter inspeksjon frå ein skipsingeniør vart skuta kondemnert der.

Deretter gjekk *Polarulv* for å leite etter *Anni I*. Mikal Olsen, som skulle overvintre i Myggbukta og som kom inn til Island med *Conrad Holmboe*, gjekk om bord i *Polarulv* for å vere med på leitinga etter *Anni I*. *Polarulv* sjølv kom ut i storm vest av Island. Under arbeid på dekk vart fire mann feia på sjøen og omkom. Blant desse var skipperen, radiotelegrafisten - og Mikal Olsen. *Polarulv* vart kraftig nedkvista av tunge brot før ho gjekk ned. Ved eit merkeleg tilfelle vart resten av mannskapet berga av ein britisk trålar og sett på land i Reykjavik (Isachsen 1925).

*Teddy* forliste etter isskruing. Mannskapet frå *Teddy* tok med seg utstyr på isen, og dei var svært heldige. Straum og vind førte isflaket sørover og inn mot kysten, slik at dei skipbrotne danskane greidde i ta seg inn til Ammassalik (Isachsen 1925).

### Leiteaksjonen i 1924

Våren og sommaren 1924 gjekk spekulasjonane om kva som kunne ha hendt med *Anni I*. Den offentlege opinion trykte på for å finne ut noko om ekspedisjonen sin lagnad. Fleire forslag kom fram i dagspressa. Ein eigen leiteekspedisjon ville bli svært kostbar. Regjeringa lovde ut ei finnarløn til dei som kunne bringe folka frå *Anni I* heim eller bringe heim sikre opplysningar om lagnaden deira. Tanken var at finnarlønna skulle vere agn godt nok for dei 50-60 skutene som årleg fangsta klappmyss og håkjerring i Danmarkstretet (Isachsen 1925).



*Polarulv*

Det kom fleire innvendingar mot den tankegangen. Ei av dei var at skutene normalt opererte ute i isen og at dei sjeldan var inn til kysten, der folka frå *Anni I* mest truleg var å finne, om dei framleis var i live. Ei anna innvending var at om *Anni I* framleis flaut og var på drift, skulle fartøyet på den tid vere kome langt sør mot Kapp Farvel. Det vart også vurdert kva sjansar folka frå *Anni I* kunne ha hatt til å ta seg inn til busetnad i Ammassalik, i Scoresbysund eller tilbake til Myggbukta. Like eins vart flysøk vurdert (Isachsen 1925).

Det er eit allmennt inntrykk at styresmaktene var noko nølende med omsyn til å bruke pengar på leiteinnsats. Først då polarveteranen Otto Sverdrup - Fridtjof Nansen sin nære medarbeidar - kom inn i saka, vart situasjonen omvurdert. Då kom dei på ansvarleg hald til at det burde setjast i verk andre tiltak, i tillegg til den utlovde finnarlønna. Polarforskarer Gunnar Isachsen hadde kome med forslag om at ei fangstskute burde leigast og utrustast, slik at ho etter avslutta Strete-fangst i andre halvpart av juli skulle segle langs kysten og avsøke strekninga frå Scoresbysund til Myggbukta (Isachsen 1925).

Etter at Schjelderups Sælfangstrederi hadde mist *Polarulv* ved forlis under leiting etter *Anni I* i 1923, kjøpte reiarlaget inn Ernest Shackleton si staute ishavsskute *Quest*. I 1924 skulle *Quest* på sommarfangst i Danmarkstretet. Isachsen og reiarlaget kom fram til ei ordning der *Quest* vart leigd og utrusta for å leite etter folka frå *Anni I* etter at fangsten var avslutta, i samsvar med Isachsen sitt forslag. Leiar for leiteekspedisjonen etter avslutta fangst var Isachsen sjølv, skipper var Ludolf Schjelderup og radiotelegrafist var Nils Foldvik. Nils Foldvik og Helge Listerud var i si tid kullkameratar i telegrafistutdanninga. Ekspedisjonen med *Quest* skulle leite etter *Anni I* og *Teddy*. *Quest*-ekspedisjonen fann folka frå *Teddy* i Ammassalik. Ved det høvet vart det stadfest at det naudsignalet som *Conrad Holmboe* hadde oppfatta 30. september 1923, verkeleg kom frå *Teddy* (Isachsen 1925; Topp: Personleg fråsegn).

*Quest*-ekspedisjonen avsøkte strekninga frå Scoresbysund til Myggbukta. Dei fann ingen spor etter *Anni I*. *Quest* kom seg inn til både Franklinhuset og Myggbukta. Franklinhuset var i orden og i god stand. Der var ingen forsyningar i huset, heller ikkje skriftleg informasjon av noko slag. Men utanfor huset låg ca 20 hl kol. Då dei fann det tome Franklinhuset, forstod dei

at det hadde ikkje vore folk der sidan Johan A. Olsen-ekspedisjonen forlet Myggbukta eit år tidlegare. Skipper Schjelderup sa det som alle tenkte: *Ja, nu kan vi nok kvittere for'n Johan Olsen* (Isachsen 1925).

I Myggbukta fann *Quest*-ekspedisjonen det tome stasjonshuset med radioutstyret på plass. Der fann dei også Johan A. Olsen sitt skriv, datert 15. august 1923. Skrivet var først og fremst tenkt til dei som kort tid seinare var venta å overta stasjonen. Skrivet inneheldt oversikt over proviant og anna utstyr som var igjen på stasjonen, dette også av omsyn til moglege skipbrotne som kunne søkje ly der. Olsen ba også dei som måtte kome der om å stelle pent med radioutstyret, for det var Geofysisk Institutt sin eigedom. Til slutt i skrivet nemnde Olsen at det stadig streifa moskus i området og at det ikkje var vanskeleg å skaffe ferskt kjøt frå dei. Bjørn, snadd og kobbe var det mindre av (Isachsen 1924).

Før Olsen-ekspedisjonen forlet Myggbukta tilbød Johan A. Olsen telegrafisk etterføljarane å overta eit visst kvantum proviant. Ved å samanhalde mengda av proviant i det telegrafiske tilbodet med mengda som var igjen i Myggbukta eit år seinare, kunne ein slutte seg til at Olsen-ekspedisjonen hadde med forsyningar om bord i *Anni I* til å greie seg eit års tid. Føresetnaden var då at dei skaffa seg ferskt kjøt ved jakt og at dei ikkje brukte av den medbrakte provianten i utrengsmål. *Quest*-folka demonterte antennene i Myggbukta og tok med det mest sårbare utstyret tilbake til Geofysisk Institutt i Tromsø. Resten let dei stå. Dei reparerte ein lekkasje i taket på stasjonshuset. Det gjorde dei ved å strekkje klyveren frå *Quest* over taket og spikre godt til med bord. Deretter vart depotet ordna. Det var stort nok for fire mann i eit år (Isachsen 1925). Det var litt snakk om å bemanne stasjonen for ei ny overvintring. Det måtte i tilfelle omfatte radiotelegrafist Nils Foldvik og ein mann til. Men tanken vart ikkje sett ut i livet fordi radioutstyret var i litt for dårleg stand (Isachsen 1925).

Myggbukta vart verande ubebodd i tre år. Neste overvintringsekspedisjon i Myggbukta var Foldvik-ekspedisjonen i åra 1926-28. Den ekspedisjonen hadde med ikkje mindre enn tre telegrafistar: Nils Foldvik, Hallvard Devold og Fritz Øien. Ekspedisjonsleiar var Nils Foldvik (Devold 1940; Isachsen 1925; A. Foldvik: Personleg fråsegn).

Kva som hende med *Anni I* og Johan A. Olsens overvintringsekspedisjonen på heimturen til Norge fekk ingen vite - og den dag i dag er det ingen som veit noko meir. Fartøyet må ha forlist og alle ombord omkome.



*I Myggbukta 1926, Nils Foldvik og Hallvard Devold*

### **Fartøyet *Anni I***

Det er ikkje mykje ein veit om fartøyet. Vi har ikkje nokon stad sett bilde av fartøyet. Men fartøyet skal ha hatt fasong som skøyte. I *Register over Norges handelsflåte 1920* finn ein dei viktigaste opplysningane om *Anni I*. Fartøyet vart bygt av tre på Vorterøyskagen i Skjervøy i 1913. Måla var: 50.5 x 17.8 x 7.6 fot. Tonnasjen er oppgjeven slik: 33 bruttoregister tonn, 33 tonn under-dekk-tonnasje og 12 nettoregister tonn. Ved at bruttotonnasje og under-dekk-tonnasje vart oppgjeve med same tala, bør ein kunne slutte seg til at fartøyet på det næraste var utan overbygg.

Fartøyet fekk som nybygg innmontert ein glødekulemotor av fabrikatet Alpha, bygt ved Brødrene Houmøllers motorfabrikk i Frederikshavn i Danmark. Registeret seier ikkje noko om motoren si yting. Men det er vel grunn til å rekne med at motoren hadde ei nokså moderat

yting og at segla var viktige for framdrifta.

Det finst litt ulike opplysningar om fartøyet si takling. *Register over Norges handelsflåte 1920* og Hansen (2000) seier galeas, Oterhals (1997) seier brigantin. *Register over Norges handelsflåte 1920* seier ikkje noko om isklasse. Fartøyet er ikkje kjent i andre samanhengar som ishavsfartøy. Det er truleg grunn til å rekne med at fartøyet var heller dårleg rusta for å motstå isskruing.

Ut frå dimensjonar og utrusting kan *Anni I* kanskje samanliknast med eit anna fartøy som tok seg

gjennom drivisbeltet til Nordaust-Grønland med ein overvintringsekspedisjon:

*7de Juni* i 1909/10

(Ishavsmuseet: Fartøyregisteret).

I dei ni åra som gjekk frå levering frå skipsbyggjaren til avseglinga til Nordaust-Grønland skifte fartøyet eigarar fleire gonger. Det var også ein del opp og ned med økonomien i drifta av fartøyet. Eigar av fartøyet var i 1922 eit partreiarlag, der Peder Pedersen i Tromsø var korresponderande reiar. Ved utrustinga av ekspedisjonen til Nordaust-Grønland kjøpte ekspedisjonsleiar og skipper Johan A. Olsen fartøyet for toktet. Kvar av deltakarene skal ha skote inn sin andel (*Register over Norges handelsflåte 1920*; Isachsen 1925; Hansen 2000).

### **Helge J. Listerud**

Helge J. Listerud vart fødd på garden Lesterud i Vestre Toten i 1891. Han hadde ei syster som budde på Tjøme, i nærleiken av Tjøme radio. I tidlege ungdomsår oppheldt Helge seg ein del hos systera si. Der skal han ha kome i kontakt med folk frå Tjøme radio. Dette kan ha medverka til å vekke interessa for radio. Han tok sjømiliter utdanning i Horten innan ei grein som den gong gjekk under nemninga 'minør, torpedo og radio'. Nemninga kan tyde på at radioteknologi på den tid var såpass beskjedent utvikla at det kunne kombinerast med andre militære fagområder. I denne utdanninga var Helge saman med Nils Foldvik frå Tromsø som seinare tok fleire overvintringar som radiotelegrafist i Myggbukta.

Ein har ikkje sikre opplysningar som kan tidfeste den utdanninga. Heime på Toten har John Listerud eit gruppebilde på veggen som viser Helge Listerud og Nils Foldvik saman med to andre kullkameratar - alle i marineuniform. Ut frå gruppebildet er det truleg at Helge må ha vore i første del av tjueåra. Mest truleg var dette eitt av dei siste åra før første verdskrig.

Under første verdskrig skal Helge ha gjort teneste som radiotelegrafist på torpedojagaren *Garm* på finnmarkskysten. Elles skal han ha gjort tilsvarande teneste på blant andre Halten fyr og Færder fyr. Heller ikkje desse tenestene har ein grunnlag for å tidfeste nærare (J. Listerud: Personleg fråsegn).

Helge drog ikkje langt for å finne ektefelle. Garden Lesterud ligg i Vestre Toten kommune, nær grensa til nabokommunen Østre Toten. Om lag like nær grensa, på Østre Toten si side, ligg garden Snipstad. Der fann Helge kona si, Martha Snipstad, - på nokre månader nær like



*"7de Juni"*.

gammal som han sjølv. Dei fekk to born, Halldis og John (Andersgaard; J. Listerud: Personleg fråsegn).

Helge og Martha fekk eit jordstykke av Martha sin heimegard på Snipstad. Stykket var bryllaupsgåve og eigna seg for bureising. Før Helge drog til Nordaust-Grønland, hadde Helge og Martha starta bureisinga. Dei hadde bygt ein låvebygning og innreidd fire rom der som tente som bustad inntil vidare (Andersgaard: Personleg fråsegn).

Geofysisk Institutt i Tromsø, ved direktør Ole Andreas Krogness, gjorde ein avtale med skipper Johan A. Olsen om å organisere ein fangstekspedisjon til Nordaust-Grønland og ta med ein radiotelegrafist og alt nødvendig radioutstyr (Hauan 2004). Organisatorane retta ein førespurnad til marinen i Horten for å finne ein eigna person til oppgåva som radiotelegrafist. Marinen anbefalte Helge Listerud. Helge var først på besøk i Tromsø. Der snakka han med både oppdragsgjevarane og skipper Johan A. Olsen. Besøket og samtalane ser ut til å ha gjeve meirsmak.

I familie- og omgangskrinsen heime på Toten var meiningane delte. Nokre meinte Helge burde gripe sjansen, andre rådde han frå å utsetje seg for det som syntest å vere såpass farleg.

Kona, Martha Listerud, forstod at Helge hadde lyst til å ta oppdraget. Ho sa at ho skulle klare å ta vare på seg sjølv og borna det året ekspedisjonen skulle vare. Med det var saka avgjort. Ved avreisa i juli 1922 tok Helge taxi til Kapp, båt over Mjøsa til Hamar og tog til Trondheim. Derifrå reiste han vidare med eit marinefartøy til Tromsø (Andersgaard: Personleg fråsegn).

Når Helge i løpet av overvintringa telegraferte til oppdragsgjevarane i Tromsø, avslutta han gjerne telegramma med ei oppmoding om å telegrafere vidare ei helsing til kona og borna.

Då ekspedisjonen var klar for heimreise 14. august 1923, sende Helge det siste telegrammet frå Myggbukta. Det gjekk ut på at farvatnet utanfor Myggbukta hadde vore isfritt i to døgn. Dersom det var isfritt også neste natt, ville ekspedisjonen dra frå Myggbukta neste morgon kl 0700. Martha Listerud fekk oversendt kopi av det siste telegrammet (Andersgaard: Personleg fråsegn).

Kva som hende etter det, er framleis ei gåte.

Lang tid seinare møtte Halldis Andersgaard tilfeldig Nils Foldvik. Han var på den tid ein noko eldre mann, men framleis i teneste i vervarslinga. Foldvik let vel over Helge. Han fortalde at dei andre i utdanningskullet ikkje var overraska over at det var akkurat Helge som fekk tilbod om å vere med på Johan A. Olsen-ekspedisjonen (Andersgaard: Personleg fråsegn).

### **Helge og Martha Listerud sine born**

Halldis Listerud vart fødd i Østre Toten i 1918. Ho begynte på utdanning til sjukepleiar i Oslo i 1942. I 1948 gifte ho seg med Arne Andersgaard. Han var sekretær i Norsk Bygningsindustriarbeiderforbund, seinare Fellesforbundet. Halldis og Arne fekk to døtrer, Trine og Lise.

Halldis var fire år gammal då faren drog ut på den ekspedisjonen til Nordaust-Grønland som skulle vise seg å bli fatal. Ho var fem-seks år i 1923 og 1924, i dei åra då faren ikkje kom heim, uvissa rådde og det tragiske faktum at ektemann og far var omkomen demra for familien heime på Toten. Halldis var i ein alder som gjorde at ho har ein del minne om faren (Andersgaard: Personleg fråsegn).

John Listerud vart fødd i Østre Toten i oktober 1921. John var rundt ti månader gammal då faren reiste til Nordaust-Grønland. John har ingen direkte minner om faren.

I ungdomstida var John eit par år til sjøs. Dette fall i slutten av 1930-åra. Vel heimkomen i mars 1940 gjekk han inn i frivillig, militærliknande våpenopplæring i Toten-området - dette sjølv om han ut frå alder ikkje var vernepliktig. Då den tyske okkupasjonen kom kort tid seinare, vart han noko involvert i operasjonane på Vest-Oppland, sjølv om han ikkje deltok direkte i kampane.



*John Listerud med bilde av far sin, Helge Listerud. Det andre bilde er frå telegrafistutdanninga i Horten.*

I 1946 gifte John seg til gardsbruk på Snipstad i Østre Toten. Kona, Elise Schanche, var frå nabobruket til bruket som mor hans, Martha Snipstad, kom frå. John og Elise fekk to born, Anne Mari og Odd Helge. Sonen ber namnet til bestefaren vidare.

I 1975 overlet John garden til sonen og tok seg arbeid på Toten potetmjølfabrikk og brenneri. Som pensjonist har han utført arkivarbeid og slektsgransking for Toten økomuseum.

Frå 1946 var John med i Heimevernet. Der steig han i gradene til major og vart avsnittssjef for Mjøsa vestsida, frå Eidsvoll til Lillehammer (J. Listerud: Personleg fråsegn).

### **Nokre forhold omkring vilkår og lagnad for Johan A. Olsen-ekspedisjonen**

Det er framleis usikkert kva som var Helge Listerud sitt viktigaste motiv for å reise med Johan A. Olsen-ekspedisjonen til Nordaust-Grønland. Tre moglege moment blir gjerne dregne fram: Eventyrlyst, fagleg utfordring og sjanse til god fortjeneste.

Johan A. Olsen kjøpte *Anni I* for ein kombinasjonstur for fangst og vervarslingssteneste. Geofysisk Institutt og Johan A. Olsen gjorde ein avtale. For kr 3.500,- skulle ekspedisjonen ta med ein radiotelegrafist og utstyr til ein radiostasjon. Geofysisk Institutt bekosta radioutstyret fullt ut. Kontrakten mellom Olsen-ekspedisjonen og radiotelegrafist Helge Listerud såg slik ut:

*'Fra Marinens Mineuoff,  
Forening.*

*Horten 14 de juli 1922*

**KONTRAKT**  
*mellem*

*Hr. JOHAN OLSENS fangstekspedisjon til Grønland*  
og  
*U/ Minør Helge Listerud*

*Undertegnede påtar seg å gå med hr. Johan Olsens fangstekspedisjon til Østgrønland 1922-1923 som radiotelegrafist på almindelig mannskapspart.*

*Hvis denne blir mindre enn kr. 7.000.- syv tusen kr. netto. påtar det Geofysiske Institutt seg å yde et tilskudd av en sådan størrelse at han erholder denne sum.*

*Instituttet forbeholder seg i tilfælde adgang til å se ekspedisjonens regnskapsoppgjør.*

*Hvis ekspedisjonen p.g.a. isvanskeligheter blir nødsaget til å ta en overvintring til 1923-1924, utrækker kontrakten for et år til.*

*Foruten den i kontrakten oppførte lønn erholder undertegnede fritt komplett polarutstyr for hele turen.*

*Hvis ekspedisjonen må returnere i år, ydes en godtgjørelse av kr. 600.- pr måned'*

(J. Listeruds arkiv)

Frå sjølve overvintringa veit ein lite. Fangstresultatet for året skal ha vore 70 kvitrev, 16 blårev, 10 isbjørnar og ein levande isbjørnunge, 6 ulvar og 7 moskuskalvar. Dette vart vurdert til ein verdi av ca 30 000 kroner i si tids pengeverdi (Brox 1963). Når opplysningar om fangstresultatet er kjende, må dei ha vorte telegraferte frå Myggbukta før *Anni I* forlet staden.

Ved *Anni I*-forliset gjekk fangsten tapt. Det same gjorde dagbøker og loggbøker som ekspedisjonsmedlemane - ikkje minst ekspedisjonsleiaren og radiotelegrafisten - høgst sannsynleg førte gjennom heile overvintringa. Av same grunn veit ein ikkje kven av ekspedisjonsmedlemane som oppheldt seg høvesvis i Myggbukta og Franklinhuset - eller om dei hadde eit system for skifting. Det einaste ein veit sikkert, er at Helge Listerud måtte bu i Myggbukta.

